



Vedtekter for SFO

*Skulefritidsordninga er heimla i Opplæringslova § 13-7.
Vedtektene vart godkjende av Komitè for oppvekst, kultur og idrett i november 2010.
Revidet sist i mars 2014
Revidert november 2017*

1. Om skulefritidsordninga:

- Skulefritidsordninga, SFO, er eit frivillig aktivitets- og omsorgstilbod for elevar i 1.-4. klasse og for elevar med særlege behov på 1.-7. klassesteget.
- Tilbodet skal ha god kvalitet og vera forankra i elevane sine behov.
- Rektor har det overordna ansvaret for SFO ved den enkelte skulen. Har ansvar for at det er ei forsvarleg bemanning .
- SFO kan ha ein koordinator som har ansvar for den daglege drifta, og har planleggingstid i samsvar med gjeldande retningslinjer. Funksjonstillegg
- Standard personaldekning er 1 vaksen pr 15 elevar.
- Alle tilsette skal vise politiattest ved tilsetjing.
- SFO har skulen sine ordensreglar minus sanksjonar t.d utvising.
- Fritidsordninga har som regel småskulen sine rom som base, og nyttar utstyr, spesialrom og uteområde på lik linje med anna verksemd på skulen.
- Alle barneskulane i kommunen har eit SFO tilbod 190 skuledagar(fyljer skuleruta). Krav om minst 8 søkjarar.
- Undarheim skule og Malmanger skule kan gje tilbod om SFO i feriane dersom det er nok søkjarar.

2. Oppstart og opptak:

Skulefritidsordninga i Kvinnherad gjev følgjande tilbod:

- Tilbod som følgjer skuleåret: Etter skuletid og morgonopning.
Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.
Viss elevtalet blir redusert i løpet av året kan tilbodet halda fram ut terminen.
- Tilbod i haustferien: Måndag til fredag i haustferieveka.
Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.
- Tilbod i juleferien: Frå skuleslutt før jul t.o.m. 23.desember. Ikkje ope i romjula.
Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.
- Tilbod i vinterferien: Måndag til fredag i vinterferieveka.

Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.

- Tilbod i påskeferien: Måndag, tysdag og onsdag i påskeveka.
Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.
- Sommarferie juni: Frå skulen sluttar og ut juni månad. Opningstid: 08.00 – 15.30.
Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.
- Sommarferie august: Frå første kvardag etter 1.aug. til skulestart.
Opningstid: 08.00 – 15.30. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.

3. Søknad

- Søknadsfristen er 1.mars
- Ved søknad nyttar ein skjema på heimeweb: <https://skole.visma.com/kvinnherad>
Opptaket gjeld til plassen blir endra eller sagt opp. Ein treng ikkje sei opp SFO plassen etter 4. trinn – det skjer automatisk. Her finn du lenke til [vegledning for søknad](#).
- Hovud opptaket/ søknader som er sendt inn til søknadsfristen, vert gjort sentralt i kommunen . Vedtak om tildeling av plass eller ikkje er eit enkeltvedtak og svaret skal sendast skrifteleg til føresett. Det er høve til å klaga på opptaket. Klagefrist: 3 veker. Klageinstans: Rådmannen.
- Søknader etter søknadsfristen vert tildelt ved den einskulde skule om det er kapasitet (nok vaksendekning).
- Oppseiingsfrist er 1 månad, rekna frå 1. i månaden.
- Ved oppseiing etter 1. april, må det betalast ut skuleåret.
- Endringar i ferietilbodet i 1. termin, må seiast opp før 15. juni.
Endringar i ferietilbodet i 2. termin, må seiast opp før 31. desember.
- Dersom det er fleire søkjarar enn plasser i SFO, vert opptaket gjort etter følgjande kriterium:
 - Funksjonshemma elevar har førerrett.
 - Yngre elevar har førerrett framfor eldre elevar.

4. Foreldrebetaling

- Det vert gjeve 25% søskenmoderasjon. (Søsken nr. 2, 3 osv betaler ¾ sats).
- Satsane for foreldrebetaling vert fastsette av kommunestyret kvart år, og er graderte etter kva for tilbod eleven gjer seg nytte av. Satsane blir endra 1.januar kvart år av kommunestyret .
- Sjukdom eller permisjon frå skulen ut over 1 månad gjev fritak frå foreldrebetaling.
- Blir SFO stengd meir enn 3 dagar som følgje av streik eller andre ekstraordinære tilhøve, vil føresette få refundert foreldrebetalinga tilsvarende.
- Faktura blir sendt til føresett 1 på søknadsskjemaet. Fakturaen kan delast mellom føresette.

- Ved den einssilde SFO kan det betalast matpengar som skal brukast til fellesmåltid. Det skal førast rekneskap over innbetaling/utgifter som skal vere tilgjengeleg for foreldra og samarbeidsutvalet ved skulen.
- Dersom leksehjelp vert organisert innanfor opningstida til SFO, skal desse timane trekkjast ifrå på fakturaen. Dette gjeld elevar som går både på SFO og deltek på leksehjelp .

5. Betalingsmåte :

- Foreldra får tilsendt utfylt faktura med forfall den 20. kvar månad.
- Ved manglande betaling vert krava innfordra ved tvang. Dersom krava ikkje er betalt innan 2 -to- veker etter at purrebrev er sendt, vil Kvinnherad kommune seia opp plassen barnet har i SFO jfr. tvangsfullbyrdelseselova § 4-18 og § 13-2a (vedlegg).
- Ny plass i SFO vert ikkje tildelt før avgifta er betalt, eller det ligg føre ei betalingsordning som økonomikontoret kan godkjenna. Betaling for barnehageplass(ar) og SFO vert sett i samanheng. I praksis vil dette seia at dersom føresette ikkje har betalt for barn i barnehage, vil ikkje føresette sitt/sine barn få plass i SFO.
- Ved manglande betaling skal rektor i samarbeid med økonomikontoret snakka med føresette og prøva å finna ei løysing.

6. Høve til fleksible løysingar:

- Det er høve til å nytta SFO-tilbod i inntil 20% av tilbodet utan ei fast påmelding. Desse føresetnadane må liggja til grunn:
- Dato for opphaldet må vera avtalt med SFO på førehand, og opphald på enkeltdagar må ikkje føra til ekstra personalressurs.
- Opphald på enkeltdagar skal ikkje reknast med i minstetalet på 5 eller 8 som ligg til grunn for oppstart av eit tilbod.
- · Opplysningar om betalingsatts får ein på den enkelte skule. Skulen sender inn oppgåve over desse opphalda i desember og juni, slik at det kan sendast ut rekning for tilbodet.
- Timepris for fleksibelt tilbod: kr 110.-

7.Tilboda skuleåret 2017/2018:

Tilbod	Tal dagar 2017/2018	Tidsrom	Betalingssats 2017/2018
100% - Fullt tilbod	190	Morgonopning frå klokka 07.00 og frå skuledagen er slutt til kl 16.00. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Morgon og ettermiddag 5 dagar i veka: 3260,-
80% - Morgon og ettermiddag 4 dagar i veka	152	Opningstid: kl 07.00 – skulestart og skuleslutt til kl 16.00 4 dagar i veka. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	4 dagar i veka –morgon og ettermiddag: 2608,-
67 % - Ettermiddag 5 dagar i veka	190	Frå skuledagen er slutt til kl 16.00. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Ettermiddag 5 dagar i veka: 2173,-
60 % - Morgon og ettermiddag 3 dagar i veka	114	Opningstid: kl 07.00 – skulestart og skuleslutt til kl 16.00 3 dagar i veka. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	3 dagar i veka –morgon og ettermiddag: 1956,-
54% - Ettermiddag 4 dagar i veka	152	Frå skuledagen er slutt til kl 16.00 4 dagar i veka. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Ettermiddag 4 dagar i veka: 1748,-
40% - Ettermiddag 3 dagar i veka	114	Frå skuledagen er slutt til kl 16.00 3 dagar i veka. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Ettermiddag 3 dagar i veka: 1304,-
33% - Morgonopning 5 dagar	190	Opningstid: kl 07.00 – skulestart. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Morgon 5 dagar i veka: 1087,-
Sommaropning august 2017	12	Frå 1.august til skulestart. Opningstid: kl 08.00 – 15.30. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Kr. 3480,-
Ferieopning i skuleåret	Sjå punkt 2.	Haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie. Opningstid: kl 08.00 – 15.30. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Haust- og vinterferie à 5 dagar: kr 1450,- Påskeferie, 3 dagar: kr 870,-
Sommaropning juni 2018	5	Frå skuleslutt og ut juni månad. Opningstid: kl 08.00 – 15.30. Minste elevtal for oppstart: 8 elevar.	Kr. 1450,-

[§ 4-18 Særlege tvangsgrunnlag](#)

[§ 13-2 Tvangsgrunnlag](#)